

Kirkestatstråd Valgerd Svarstad

Hauglands tale til Kirkemøtet

Kjære medlemmer av Kyrkjemøtet. Det er ei glede for meg å helse dykk på vegne av Regjeringa ved opninga av Kyrkjemøtet 2001!

De som har vore medlemmer av Kyrkjemøtet dei siste fire åra, har hatt utfordringa av å vera med under den fyrste perioden med den nye kyrkjelova. Ingen skal kunne seia at de ikkje har tatt fatt i utfordringane som lova gir. De har handsama mange sakar og tatt på dykk mykje arbeid. Eg vonar at de ikkje berre har hatt strev, men at de og har kjent glede over å ha påvirka positivt denne viktige kyrkjereformen.

”Det myndige lekfolk” var eit slagord i siste halvdel av det førre hundreåret. Kyrkjelova svara med å gi sokna større sjølvstende. Alle døypte har med denne lova fått strukturar for eit fruktbart samvirke mellom lek og vigsla, tilsett og frivillig.

”Frivillig medarbeiderskap” er hovudtemaet på dette møtet. Det er ei almen røynsle at frivillig arbeid har andre vilkår i dag enn då foreldra og besteforeldra våre var unge. Det er mange som konkurrerar om barn og unge si fritid. Det gjeld ikkje berre organisasjonar av ymse slag, men også media med sine mange tilbod. Som mor veit eg og mykje om korleis foreldre sin innsats krevs i frivillige organisasjonar. På same vis er og frivillige medarbeidar ryggraden i ei levande kyrkje. Difor er det naudsynt å fostre, utruste og dra omsorg for frivillige medarbeidarar til ulike oppgåver i kyrkja. Eg er stolt av å vera minister for ei kyrkje som har ei historie boren av frivillige sin innsats på mange områder. De har flotte og trauste medarbeidarar som på kvar sin plass er med å gi budskapet vidare til nye generasjonar.

Trass i dette er det dokumentert på fleire måtar at kyrkja treng fleire tilsette. Talet på prestar, kateketar og diakonar står ikkje i rimeleg forhold til dei oppgåver som ligg i tenesteordningane og kyrkjelyden sine lokale utfordringar. Då Stortinget i vår handsama kyrkja sin økonomi vart det slått fast at det er naudsynt med ei systematisk opptrapping av talet på prestestillingar. På grunn av dette og det nye fritidsreglementet for prestane, valde regjeringa å prioritera 30 nye prestestillingar i tillegg til dei 5 Giske foreslo. I dette budsjettet prioriterer vi prestar. Vi skal koma tilbake til dei andre kyrkjelege stillingar ved seinare budsjettframlegg.

Eg vonar at den lenge etterlengta utbygginga av kyrkjeleg administrasjon som kyrkjelova utløyste, gir ringverknader til dei ulike tenester i kyrkjelyden, og at dei får høve til å arbeide i godt samvirke. Administrativ hjelp gir tillitsvalde i fellesråda betre høve til å møta dei utfordringane som ligg i å vera arbeidsgjevarar og å forvalta dei materielle verdiana.

Forrige regjering foreslo at tilskotet til dei kyrkjelege fellesråda skulle gå inn i rammetilskotet til kommunane. Vi har foreslått at dei 112 millionane vert øyremerkte til kyrkjelege formål i vårt tillegg til statsbudsjettet for 2002.

Etter fem år med lovfesta kyrkjelege fellesråd ser vi no at kyrkjelydane er tent med eit organ som sameinar deira kontakt med kommunen. Dei kyrkjelege fellesråda er arbeidsgjevarar for dei fleste tilsette i kyrkja og sørger saman med bispedømmeråda for å utvikla kyrkja som arbeidsplass. Samvirke mellom embete og råd gir prestane betre høve for å utvikla tenesta si med ord og sakrament. Det ligg til rette for at undervisning og diakoni skjer i samarbeid med prestenesta og at dei kan dra nytte av felles resursar i fellesrådkretsen.

Dåpsopplæring er eit grunnleggjande ansvar i kyrkja. Kyrkja må kunne gi alle døypte opplæring i trua og la dei få del i fellesskapet dei er døypte inn i. Den offentlege utgreiinga ”- til et åpent liv i tro og tillit” Dåpsopplæring i Den norske kirke, er sak på dette møte. Utgreiinga peikar på dei mange døypte som kyrkja ikkje når med opplæring i den kristne trua. Regjeringa har sagt at dåpsopplæringa skal styrkjast, og eg er glad for vi i budsjettet legg opp til ein start på dette arbeidet alt frå neste år. Det skal bli spanande å stå i dialog med kyrkja om korleis opptrappingsplanen vert planlagt. Det er ei utfordring for kyrkja å utforma ei dåpsopplæring som svarer på den tilliten og trua som foreldra ber borna sine til Kristus med.

Kyrkje/stat-utvalet si innstilling er venta våren 2002. Dei emnehefta som er gitt ut så langt, lovar godt for innstillinga. Resultatet frå utvalet vil prega arbeidet med forholdet mellom stat og kyrkje i lang tid framover.

Kanskje er det ikkje naudsynt å seia det, men eg seier det likevel: Det er viktig for oss å lytte til kyrkja. Kyrkja gir menneske forankring i verdier og er ein viktig aktør i samfunnsdebatten. Ei kyrkje må alltid arbeida både med tru og med fellesskap mellom dei truande. Når ein gjer det,

oppstår det spenningar. Eg høyrer og ser dialogane som pågår innad i kyrkja. Ei kyrkje som er levande vil alltid leva med brytningar både på trua og fellesskapet sitt område.

I Sem-erklæringa slår regjeringa fast at det skal være ”like rettigheter for all religionsutøvelse innenfor norsk lov”. Dette vil vera ei viktig prioritering i dei rammer som blir gitt. I det pluralistiske samfunn som vi etterkvart lever i, krev den kristne trua at vi som representerar fleirtalet, lyttar og er i stand til å forstå kultur og tru som er framand og ny for oss. Det er naudsynt at alle - også vi - arbeider med eigen tru og religiøse identitet og bygger møteplassar. I ei tid der motsetnader mellom religionar kan virka truande, er det arbeid kyrkja gjer for å skapa toleranse og likeverd, naudsynt og godt å sjå.

Som statsråd for både kultur og kyrkje er eg blitt minna om kor viktig kultur og kyrkje er for kvarandre. Kulturhistoria vitnar om korleis kyrkja opp igjennom tidene har nytta det estetiske språket for å gi rom for røynsler, lengsler, angst og von. Musikk, ord, bilete, tekstilkunst og fargane sin symbolikk, har vore nytta for å bera fram den kristne budskapen. Dei kyrkjelege liturgiane ber i seg uttrykk for røynsler og kjensler som alle menneske kan kjenna seg igjen i. Kyrkjemusikken har gitt oss verdifull liturgisk nybrottsarbeid, og eg vonar at tiltak som rekrutterar organistar og kantorar, vil virka positivt.

*

”Eg trur på ei heilag, almen kyrkje”, heiter det i trusvedkjenninga vår. Kyrkja er både heilag og almen. Regjeringa ynskjer å respektera og leggja til rette for at ho kan vera nett det. Almen; til for menneska; til stades der dei er og slik dei har det. Og heilag; møteplass mellom menneske og Gud, som gir liv frå kjelder utanfor oss sjølve.

På vegne av regjeringa ynskjer eg dykk lukke til med Kyrkjemøtet 2001!